

Revidert utgåve mai 23

# INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ

*«Gjer mot andre det du vil dei skal gjere mot deg»*



**FJORDLY BARNEHAGE  
2023**

# **Innhold:**

## **1.0 Bakgrunn for planen**

## **2.0 Målet**

## **3.0 Inkluderande og psykososialt miljø**

**3.1: Relasjonsbygging**

**3.2: Vaksenrolla / Rollemodell**

**3.3: vennskap**

**3.4: Sosial kompetanse**

**3.5: Språket**

## **4.0 Tiltak når barn ikkje har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø**

## **1.0: Bakgrunn for planen:**

- Barnehagen skal sikre at alle barn har ein trygg og god barnehagekvardag.  
**Barnehagelova §41** seier at barnehagen skal ikkje godta krenkelsar som til dømes utesettenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn i barnehagen utsettast for slikt og utøve nulltoleranse mot krenkelsar.
- Dette krev at barnehagane må arbeide systematisk for å forebygge krenkande oppførsel, og at dei skapar eit godt psykososialt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.
- Det er innført ein aktivitetsplikt- **barnehagelova §42** som seier: «plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø..» – Dette inneberer at barnehagen har eit ansvar for å følgje med på korleis barna har det og setje inn tiltak ved mistanke om at barn ikkje har det bra, eller om barn/foreldre ytrar bekymring om mistrivsel.
- **Barnehagelova §43** Sikrar ein skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn. Det aller viktigaste er at barn har det bra, derfor skal barn som treng det få hjelp heilt fram til barnet har det trygt og godt igjen.

## **2.0 Målet:**

Målet er å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barn, og sikre at alle som arbeider i barnehagen skal kjenne til dei føringane barnehagelova og rammeplanen legg for korleis vi skal arbeide for at barna skal få oppleve å vere ein del av eit inkluderande barnehagemiljø. Alle som arbeider i barnehagen skal også vite kor tid og korleis ein skal handle når ein ser/opplever at eit barn ikkje vert inkludert i fellesskapet, har det bra eller vert mobba/krenka, utsett for vald, trakassering eller diskriminering.

### **Barnehagelova §41 Nulltoleranse og forebyggande arbeid.**

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helse, trivselen, leken og læringen til barna»

### **Barnehagelova §42 «Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikta) alle som arbeider i barnehagen skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.....»**

### **Barnehagelova §43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn.**

«Dersom en som arbeider i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med t.d. utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagen sin styrer. Styreren skal melde fra til barnehage-eier.

### **Barnehagelova §1 seier at:**

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

### **Rammeplanen seier at:**

«Omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

## **3.0 Inkluderande og psykososialt miljø**

### **Korleis jobbe for eit godt inkluderande og psykososialt miljø i barnehagen?**

Både det fysiske og det psykososiale miljøet har stor betydning for barna sin trivsel og utvikling. **Det psykososiale miljøet handlar om** dei forholda ved barnehagemiljøet som er av særstak betydning for barna sitt kjenslemessige liv, det sosiale liv og den kognitive utviklinga. Til dømes er leiken, ha gode venner og det å kjenne at ein hører til gode dømer på eit godt psykososialt miljø.

Det forebyggande arbeidet mot mobbing startar i barnehagen. Personalalet skal sørge for at alle barn opplever tryggleik, tilknyting og trivsel i barnehagen.

**3.1** Det er viktig at personalet bygger gode relasjonar til kvart einskild barn. I rammeplanen står det at barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel glede og meistring. Dei vaksne må sjå kvart einskild barn, vere lyttande og tolmodige. Barn har behov for forutsigbare, varme, stabile, beskyttande og trygge vaksne. Når vi gir barna gode erfaringar og opplevelingar gjennom trygge relasjonar vil vi styrke barna sitt sjølvbilde og auke trivselen. Ein vil då bidra til ei positiv utvikling og utgangspunktet for læring og meistring er satt.

Det skal vere **nulltoleranse mot mobbing, nulltoleranse handlar om at barnehagen ikkje skal godta krenkelsar som uteslenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn vert utsett for slike krenkelsar.** Mobbing krenker det einskilde individ og kan seiast å vere eit brot på retten til å bli respektert og å vere trygg. Rammeplanen seier at personalet skal forebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, uteslenging, mobbing, krenkelsar og uheldige samspelmønster. Om eit barn opplever krenkelsar eller mobbing må barnehagen handtere, stoppe og følgje opp dette. Målet er eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø som hindrar at uheldige mønster utviklar seg eller festar seg over tid.

Systematisk og langsiktig arbeid har effekt.

### **Korleis kan vi oppdage at eit barn ikkje har det bra?**

- Gjennom samtale med barna
- Tilsette ser noko eller fangar opp noko i samtale med andre barn/vaksne
- Forsette som melder frå om at det har skjedd noko i barnehagen.
- Barn som fortel om noko som har skjedd
- Endringar i åtferd hos barn eller i barnegruppa
- Viser barnet glede over å vere i barnehagen?
- Formelle og uformelle observasjonar
- Barna vert delt i små grupper
- Foreldresamtaler

## 3.2 Rollemodellar

Barnehagens verdigrunnlag er grunnleggande verdiar som bl.a. omsorg, solidaritet, respekt, toleranse, og likeverd. Du skal «**gjere mot andre det du vil at andre skal gjere mot deg**». Alle tilsette er rollemodellar som har eit ansvar for å etterleve og formidle desse verdiane. Dei vaksne blir viktige modellar for både barna og føresette gjennom sitt daglege arbeid saman med barna, der dei synleggjer at kvart einskild barn har eigenverdi med meininger som er betydnings fulle, og at kvart barn vert behandla med respekt og toleranse. Dei vaksne må vere spesielt bevisst på kva dei seier og korleis dei snakkar til kvarande og saman med barn og foreldre. Gode rollemodellar snakkar ikkje nedsettande til eller om andre, men fokuserer heller på å *framsnakke* andre gjennom å vere raus, varm og ha ein positiv omtale om og til andre. Barn gjer som vi gjer og ikkje nødvendigvis det vi seier, derfor er det særskilt viktig at vi er merksame på eigne og andre sin måte å handtere både små og store kvardagslege situasjonar og utfordringar. I tillegg korleis vi uttrykkjer våre kjensler, og ikkje minst våre evner til å tilgje.

Å gjere feil er menneskeleg, og det kan vere nyttig for barn å erfare at også vaksne kan gjere feil. Forutsett at vi handterer eigne feil på ein hensiktsmessig måte, og ber om unnskyldning, også overfor og til barn. Når livet smiler og sola skinner er det gjerne lett å vere eit godt forbilde, men livet byr på utfordringar og dersom vi eller føresette møter motgang kan det vere vanskeleg å vere den rollemodellen vi gjerne vil vere. Då er det viktig å be om hjelp/avlastning – det vil tvert imot vise at du klarer å sette barnas beste fyrst!

Å jobbe med, og reflektere saman over eigne haldningar og verdiar er viktig. Dette både i personalgruppa, men og på foreldremøte og andre foreldreforora. Det har vore aktuelle tema i vår barnehage gjennom heile året. Det er viktig at vi kan vere førebilde for alle føresette i vår felles interesse for barna sitt beste. Vi må mellom anna formidle kor viktig det er at alle barn kan få bli invitert med heim av og til, og at barna sine bursdagsfestar er ein inkluderande arena for alle (på gruppa eller alderstrinnet).

I barnehagen evaluerer vi årleg vårt verdigrunnlag og vår beste praksis.

Rammeplanen seier at alle barn skal møtast som individ og barnehagen skal gi rom for barna sine ulike perspektiv og erfaringar, og bidra til at barna i fellesskap med andre utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og trua på eigne evner. Alle barn skal møtast med empati og få høve til å vidareutvikle eigen empati og evna til å tilgje.

I barnehagen er det viktig med vaksne som ser og griper inn om det skulle trengast, ingen barnehagar kan heilt forhindre at det oppstår episodar der slag, spark eller utesettenging skjer. Vaksne som er tilstade må gripe inn i desse situasjonane og handtere dei ved å stoppe handlingar som fysisk eller psykisk går ut over andre. Vaksne må bry seg ved å anerkjenne barna sine opplevingar og dei kjensler dei uttrykker der og da. I tillegg gi utsyn for at handlingar som går utover andre er uakseptable, og vektlegge at alle har eit ansvar for at alle barn har det bra i barnehagen. Hensikta er å bevisstgjere barna og støtte dei i måten dei handlar på slik at samspelet med andre vert tryggare, positivt og ein kilde til glede og

læring. Barn som vert utsett for plaging eller utestenging har aldri skulda for det, det er alltid dei tilsette sitt ansvar å handtere slike utfordringar i barnehagen. Det er også dei tilsette sitt ansvar å ivareta det barnet som har utført ein negativ handling, inkludere det og hjelpe det tilbake til fellesskapet ved å vere til stade og fortelje/vise barnet at barnet er alltid **godt nok**, det er handlinga til barnet vi ikkje ynskjer.

Barn kan sjølve vere gode rollemodellar for kvarandre og det er dei vaksne sin jobb og vise korleis. I ulike leikesituasjonar kan vi vise ulike handlingsmønster ved å vise og fortelje dei korleis dei ber om innpass i ein leik, tar sin tur, forhandlar om ulike roller, lar alle få bestemme litt kvar, dele på leikar og korleis dei handterer konfliktar på ein hensiktsmessig måte. Ein snakkande rollemodell lar barna ta del i tankane og resonnementa sine. Barna vil lære av modellen og prøve og feile på eigenhand med støtte i dei vaksne, på sikt kan vi saman bygge og etablere hensiktsmessig struktur.

Trygge vaksne skapar trivsel, det er viktig med eit gjennomgåande aksepterande, inkluderande, varmt og anerkjennande miljø blant dei vaksne i barnehagen. Godt samarbeid, felles haldningar, humor og gode samspel har stor betydning for det psykososiale miljøet i heile barnehagen. Å ta seg tid til å bygge gode relasjonar med alle som er tilstade i barnehagen, både barn, tilsette og foreldre er eit særskilt viktig og godt førebyggande arbeid.

I barnehagen vår har vi samtalekort som er synleg og lett tilgjengeleg på avdeling. Desse kan vere eit godt verktøy i arbeidet med å skape refleksjon i vanskelege situasjonar og vite kva som kan vere lurt å seie når man skal vere ein god rollemodell.



### **3.3 Vennskap**

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap og støtte barna sine eigne initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære dei å behalde eit vennskap. Gjennom sosialt samspel med andre vil barna utvikle ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som gjer at barna klarer å fungere godt saman med andre. Slik god sosial kompetanse er fundamentalt viktig og er ofte nøkkelen til god trivsel i barnehagen.

I barnehagen er det viktig at alle barn får oppleve at dei er viktige for andre. Dei vaksne må legge til rette for utvikling av vennskap og eit godt sosialt fellesskap, samt støtte barna i å ta andre sine perspektiv, klare å sjå ein sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler og meningar.

Ei sentral oppgåve for dei tilsette er å hjelpe barna med å bygge gode relasjonar til kvarandre. Dei vaksne må legge til rette for felles aktivitetar, opplevingar, leik og la barna få nye venner . Fine opplevingar i små grupper kan vere introduksjonen til nye vennskap. Slike nyoppståtte relasjonar er ofte skjøre så det er viktig med eit årvakent personale som observere og legg til rette for at nye band vert sterkeare.

Barnas sosiale kompetanse vert fyrst og fremst utvikla gjennom det daglege uformelle samspelet med andre i kvardagen. Barn har behov for å inngå i eit stimulerande samspel med andre for å utvikle seg optimalt, slike samspel skjer i omsorg situasjonar, leik og læringssituasjonar. Barn lærer å samhandle med andre gjennom utprøving, opplevingar og erfaringar. Dei utviklar evna til å reflektere over eigen veremåte og handling på grunnlag av erfaring og tilbakemelding frå andre.

I barnehagen vår har vi samtalekort synleg og tilgjengeleg på avdeling som vi kan nytte i vårt arbeid med å fremje vennskap og inkludering.

**«Ingen ville vel ønske å leve uten venner,  
selv om han hadde alle andre goder»**

-Aristoteles

### **3.4 Sosial kompetanse**

**Sosial kompetanse er nøkkelen til trivsel i fellesskap i barnehagen.**

Sosial kompetanse kan definerast som eit sett av ferdigheiter og kunnskapar som menneske treng for å omgå andre på ein positiv måte.

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og å vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.»

Rammeplanen legger vekt på at personalet skal:

\*støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner

\*samttale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i saman

\*støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevelingar og meininger

\*støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar

\*førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utesetjing, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster.

Kari Lamer (2014) meiner at barn som ikkje har tileigna seg sosial kompetanse før dei startar på skulen vil hamne i ein risikosituasjon. Barn som har utvikla sosial kompetanse vil også klare og løyse problem og konfliktar på ein betre måte enn barn som ikkje har utvikla god sosial kompetanse. Dei har evna til å leve seg inn i korleis det er å bli mobba og korleis det er å bli haldt utanfor, noko som igjen vil førebygge mobbing. Derfor vil det å heve fokuset på mobbing og førebygge dette gi ein betre arena for å bygge sosial kompetanse for barn i barnehagen.

### **3.5 Språk - Kommunikasjon er viktig for å forstå og bli forstått**

For å kunne klare å hevde seg positivt i samvær med andre er det sentralt å kunne klare å beherske språket. Å setje eigne grenser ved å seie nei eller gi eit stoppsignal når det skjer noko barnet ikkje likar er ein viktig kommunikasjonsferdigheit i barnehagekvardagen. Større barn som ikkje kommuniserer godt munnleg kan lett bli overhørt og tilsidesett i samspel med andre barn. Manglande kommunikasjon kan og vere årsak til konfliktar. Til dømes kan eit barn med eit anna morsmål enn norsk oppleve frustrasjon over å ikkje bli forstått. Det er heller ikkje uvanleg at ein 2 åring, som foreløpig ikkje klarer å setje ord på eigne ynskjer og behov, kan bite, skubbe og slå i rein frustrasjon over ein periode. Barna sitt språk er ein del av sosialiseringssprosessen og har stor betydning for trivsel og ei kjensle av meistring i kvardagen.

Å arbeide aktivt og systematisk med språkutvikling i barnehagen er derfor ein god strategi for å skape relasjonar og oppnå eit trygt og godt samspel mellom barna.

Rammeplanen seier at gjennom sitt arbeid skal personalet bidra til at barna kan få uttrykke sine kjensler, tankar, meininger og erfaringar på ulike måtar og dei vaksne skal hjelpe barna til å bruke språket til å skape relasjonar, delta i leik og nytte språket som eit reiskap til å løyse konfliktar. Det er viktig at personalet skaper eit variert språkmiljø der barna får hove til å oppleve glede ved å bruke språket aktivt og gleda over å kommunisere med andre.

#### **TIBIR**

Personalet i barnehagen nyttar seg av TIBIR i barnehagekvardagen. Det blir gitt korte, konkrete og klare beskjedar til barna, med rom for at barna skal få tilpasse seg beskjeden og ha tid til å agere. Vi brukar klapping i forkant av beskjedar og ved overgang til andre aktivitetar for å få merksemda til barna, utan å måtte heve stemma. Når beskjedar blir fylgt og gjennomført rosar vi barna for innsatsen og viser eit positivt og entusiastisk kroppsspråk. Vi rosar barna når dei fyl beskjedar, ikkje berre i etterkant. Dette vidare motivera barnet til å fullføre oppgåva.

#### **Circle of Security (CoS)**

Barnehagen nyttar seg av CoS-sirkelen i det daglege arbeidet med barn og barns emosjonelle behov. Personalet i barnehagen skal fungere som ein trygg hamn for barna når dei er ute og utforskar i barnehagen og alltid være tilgjengelege ved behov. I situasjonar der det er behov for hjelp skal personalet trå til og støtte barna ved blant anna konfliktløysing. Ikke alle barn tørr og ynskjer å stå i konfliktløysingssituasjonar, her er det viktig med eit personale som kan støtte barna og hjelpe dei å stå i situasjonen.

## 4.0 Tiltak

### Barnehagelova §41 og 42

Målet med ein tiltaksplan er å sikre at barn som ikkje har eit godt og trygt barnehagemiljø skal få kontinuerleg hjelp gjennom tilpassa tiltak som både heimen og barnehagen samarbeider om. Tiltaksplanen er gjeldande til barnet igjen opplever eit trygg og godt barnehagemiljø.

#### I denne planen skal det stå:

1. Kva problem skal løysast
2. Kva tiltak har barnehagen planlagt
3. Når skal tiltaka gjennomførast
4. Kven skal gjennomføre tiltak
5. Når skal tiltaka evaluerast

Skildring	Kven er ansvarleg	Når/kva skal gjerast
Det oppstår ei bekymring/kjenner at noko ikkje stemmer /ein har sett/hørt noko, eller fått ei tilbakemelding frå føresette/barn. Snakk med avdelingsleiar /pedagogisk leiar på avdelinga til barnet.	Den som kjenner på bekymringa er sjølv ansvarleg for å formidle vidare til sin avdelingsleiar (eller næreste leiar om avdelingsleiar ikkje er tilgjengeleg). Avdelingsleiar er ansvarleg for å informere styrar same dag eller påfølgande dag om det vert satt i gang bekymringsmeldingskjema. - styrar signerer på dette.	A. Skjema «bekymringsmelding» fyllast ut same dag. Av den som eig bekymringa eller i samråd med avdelingsleiar
Vidare arbeid:	Vidare arbeid:	Vidare arbeid:

<p>1. observasjonar: kva problem skal løysast: Ein nyttar hensiktsmessige observasjons-skjema i ein periode på inntil to veker.</p>	<p>Avdelingsleiar nyttar høvelege observasjonsskjema utifrå situasjonen/utfordringa og sørger for å planlegge /gir info slik at alle på avd. utfører systematiske observasjonar av barnet</p>	<p>1. Observasjonar vert satt i gang med det same, ein nyttar inntil to veker på dette arbeidet.</p>
<p>2. Personalet på avdeling drøftar sak, og alle legg fram sine observasjonar. Avdelingsleiar gir informasjon til dagleg leiar/på leiargruppemøtet. (Avhengig av sak)</p>	<p>Avdelingsleiar</p>	<p>2. Drøfting på avdeling og informasjon til dagleg leiar/ på leiargruppemøtet.</p>
<p>3. Avdelingsleiar kallar inn føresette til ein samtale der ein går gjennom observasjonar og føresette deler sine tankar og erfaringar gjort i denne perioden. Vi nyttar skjema «tilbakemelding og foreldresamtale etter observasjonsperioden» Styrar er med på møtet avhengig av sak.</p>	<p>3. Etter observasjonsperioden fastset avdelingsleiar tid til samtale med føresette der ein blir einige om vegen vidare. Vidare avtale notatførast med signatur frå partane på skjema</p>	<p>3. Foreldresamtale med gjennomgang av observasjonar.</p>
<p>4: Dersom resultatet av denne samtalen vert at barnet ikkje har eit tilfredsstillande barnehagemiljø så vert tiltaksplan iverksatt, bruk skjema «Tiltaksplan» Tiltaksplanen skal innehalde kva tiltak som er planlagd og kvifor</p>	<p>4: Avdelingsleiar iverkset tiltaksplan og informer styrar og personalet på barnets avdeling Avdelingsleiar evaluerer tiltaka og fyller ut skjema.</p>	<p>4. Evt. tiltaksplan Evaluering av tiltak pr. 14.dag</p>

<p>og kven som er ansvarleg for oppfølging av desse tiltaka. Med signatur frå føresette, avdelingsleiar og dagleg leiar</p>		
<p>Tiltaksplanen er gjeldande så lenge barnet ikkje har eit psykososialt trygt og godt barnehagemiljø.</p>		
<p>Ny samtale med føresette 1-4 veker etter iverksett tiltaksplan.</p>	<p>Avdelingsleiar kallar inn til ny samtale der evt. styrar deltar, avhengig av sak. Avdelingsleiar og føresette konkluderer ilag.</p>	<p>Avdelingsleiar kallar inn til ein samtale der ein drøftar evalueringa av gjeldande tiltak og evt. nye tiltak/ vidareføring av tiltak førast vidare.</p>
<p>Ved oppleving av eit trygt og godt barnehagemiljø igjen, dokumentera ein dette ved å setje kryss på skjema</p>	<p>Avdelingsleiar avsluttar saka. Informasjon til styrar.</p>	
<p>Styrar har ansvar for å varsle eigar ved alvorlege tilfelle (som t.d. særlege valdelege hendingar, gruppemobbing mot eit barn, krenkelsar over tid.)</p>		

## NÅR ANSATTE MOBBAR BARN

### Barnehagelova § 43

Dersom ein som arbeider i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen krenkar eit barn, med t.d utestenging, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks melde frå til styrar i barnehagen.	Den som ser eller høyrer/ har mistanke om, kjennskap til at tilsette mobbar har ansvar for å melde frå til styrar.	<b>Straksstiltak:</b> Styrar skal varslast straks og tiltak skal setjast i verk straks
Styrar skal melde frå til barnehageeigar		

\*Alle bekymringar vert rapportert til eigarstyret gjennom perioderapporten i tråd med strategiplanen.

# Observasjonsmetoder

## Ved observasjon vel ein eller fleire av observasjonsmetodene.

### Observasjonsmetode:

**Løpende protokoll** – Detaljert observasjon i korte periodar. Detaljert beskriving av hending først, etterfyld av tokling av situasjonen.

**Praksisfortelling** – Beskriv sentrale og konkrete hendingar frå kvardagen. Blir brukt til å synleggjere praksis.

**Logg** – Logg består av eksakte målingar og registreringer eller beskriving av hendingar. Brukt på enkelt barn eller små grupper.

**Sosiogram** – Brukast for å undersøke forhold mellom fleire personar i ei gruppe. Kan notere ned positive og negative henvendingar. Ein kan også observere kva barn som opplev lite/ingen kontakt i gruppa.

**Aktivitetsskjema** – Gir eit intrykk av kva aktivitetar barnet tek del i og kor lenge barnet blir i leiken. Kan også brukast til å kartlegge interesser frå barna, for eksempel kor mange som leikar med Lego i løpet av ein dag.

**Episodebeskrivelse** – Observerast utanfrå, her observera ein noko ein allereie ser etter, f.eks språkutvikling, motorisk utvikling.

**Tras, Alle Med, MIO** – Observasjonsskjema brukt i samanheng med observasjon av barnas ståstad og kan brukast over lengre periode for å sjå utvikling.

**Sjå vedlegg 1-6 for oversikt over ulike observasjonsskjema nytta i barnehagen.**

**Samtalekort** : Dette er kort som vi nyttar i våre samtaler med barna kring kva som kan vere lurt å gjere i dei ulike situasjonane som dukkar opp i løpet av ein barnehagekvardag.

Samtalekorta omhandlar kva ein kan seie både som voksen og barn om ein kjem i ein utfordrande situasjon som t.d. det å handtere vanskelege kjensler. Desse korta heng også godt synleg på avdeling med kort, tydeleg og konkret tekst og eit visuelt godt bilde som kan illustrere og vere eit godt verktøy i vårt arbeid med å reflektere ilag med barna.

- Vi har følgjande samtalekort i vår barnehage: (vedlegg)
  - Eg har lov å bli sint, men ikkje gjere andre vondt (vedlegg 7)
  - Eg tek vare på leikane og hjelper til å rydde opp (vedlegg 8)
  - I barnehagen er alle gode venner (vedlegg 9)
  - Når vi leikar inkluderer eg andre barn (vedlegg 10)
  - Seie ifrå når noko ikkje er greitt (vedlegg 11)
  - Vi snakkar fint til kvarandre og viser omsyn (vedlegg 12)

## Litteraturliste:

Rammeplanen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Bhg lova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/>

Regjeringen.no <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innforer-mobbelov-i-barnehagen/id2664023/>

Lamer, K. (2014) sosial kompetanse. Oslo: Gyldendal akademisk

# Løpende protokoll

Observert:

Dato/tid:

Observatør:

Kva har skjedd:	Tolking av hending:

# Praksis forteljing

Observert: \_\_\_\_\_

Dato/tid: \_\_\_\_\_

Observatør: \_\_\_\_\_

Kva har skjedd:	Kva blir observerert	Når blei det observerert:

# Logg






Observert: \_\_\_\_\_

Dato/tid: \_\_\_\_\_

Observatør: \_\_\_\_\_

Kva har skjedd:	Når blei det observert:

**Sosiogram**



# Aktivitetsskjema

Observert:

Dato/tid:

Observatør:

Kven	Aktivitet	Tidsbruk i aktivitet

# Episodebeskrivelse

Observert:

Dato/tid:

Observatør:

Kva har skjedd:	Kva blir observert	Når blei det observert:



## Eg har lov å bli sint, men ikkje gjere andre vondt

### Dette kan barna gjere:

- Trampe
- Gå vekk frå leiken
- Bli lei seg, gråte

### Dette skal dei vaksne gjere:

- Skjerme barnet ved behov
- Trøyste barnet, sette ord på kjensler
- Møte barnet på deira kjensler og anerkjenne dei
- Snakke med barnet om situasjonen, hjelpe barnet å løyse konflikten

## EG TEK VARE PÅ LEIKANE OG HJELPE TIL Å RYDDE ETTER BRUK




### Dette kan eg gjere:

- Ta vare på leikane vi har
- Legge leikane ifrå seg, ikkje kaste
- Hjelpe å rydde, sjølv om ein ikkje har brukta alle leikane

### Dette skal dei vaksne gjere:

- Hjelper barna å rydde ved behov
- Hjelpe barna å innarbeide gode rydderutine tidleg.
- Lage gode situasjonar rundt rydding, bruke musikk/leikprega rydding



# I barnehagen er alle gode venner

## Dette kan barna gjere:

- Hjelpe kvarandre
- Invitere kvarandre inn i leik
- Seie fine ting om kvarandre
- Ha det gøy saman

## Dette skal dei vaksne gjere:

- Være gode rollemodellar
- Hjelpe barna å bygge gode relasjonar til andre
- Legge til rette for at barn som strevar får bygge gode relasjonar
- Inkludere alle i leik og aktivitetar

# Når vi leikar inkluderer eg andre barn



## Dette kan barna gjere:

- Invitere andre barn inn i leiken
- Spørje om ein kan være med før ein går inn i leiken
- La andre barn delta i leiken når dei spør om å bli med
- Være open for innspel frå andre barn

## Dette skal dei vaksne gjere:

- Hjelpe barn inn i leik
- Passe på at alle har nokon dei kan og vil leike med
- Famne om barn som slit med å kome i leik, gje barna hjelphemiddel for å kome i leik
- Starte aktivitetar med barn som ikkje kjem inn i leik, for å bygge status hos barnet og få barnet i aktivitet

## Seie ifrå til nokon når noko ikkje er greitt

### Dette kan barna gjere:

- Sei STOPP.
- Oppsøke ein voksen og seie ifrå.
- Prøve å seie ifrå om kva som ikkje er greitt.
- Passe på oss sjølv.

### Dette skal dei vaksne gjere:

- Møte barns behov, der dei er.
- Være open for at barn er ulike og har ulike grenser for kva ein tolerera.
- Støtte barna i prosessen når dei vil ordne opp, gje dei rom for å ordne sjølv.
- Hjelpe barn å forstå deira rolle i situasjonar og konfliktar som oppstår, «kva har du gjort».
- Bruke CoS (circle of security)



## Vi snakkar fint til kvarandre og tek omsyn



### Dette kan barna gjere:

- Seie positive ting om kvarandre
- Snakke kvarandre opp, gi ros
- Ta omsyn til andre sine behov
- Lytt til andre barns ønsker

### Dette skal dei vaksne gjere:

- Være gode rollemodellar for barna
- Snakke positivt om andre barn, foreldre og personale
- Hjelpe barn som strevar, gi dei hjelphemiddel
- Gi barna fine ting å seie, ros barn forran barn, det smittar
- Møter alltid barn og foreldre med eit smil og eit «Hei»

# Bekymringsmelding

Eigar av bekymring: \_\_\_\_\_ Ved føresett, fylt ut av: \_\_\_\_\_

Avdeling: \_\_\_\_\_

Hendingsforløp:	
Utfordring/situasjon (når/kor/ kva/ kven) Stikkord	

Vidare undersøking: Vi bruker inntil to (avhengig av alvorlighetsgrad) veker på å observere og kartlegge meir systematisk på barnehagekvardagen til (namn og f. nr)\_\_\_\_\_.

**Vidare arbeid:**

- Observasjon- Personalelet nyttar beskjedbok eller eigna observasjonsskjema
- Drøfting på avdelingsmøte og leiarmøte.
- Foreldresamtale – gjennomgang av observasjonar og drøfting av vegen vidare.
- Eventuelt sette i gang arbeidet med ein intern tiltaksplan.

Føresette er informert om prosessen barnehagen har starta.

Stad og Dato: \_\_\_\_\_

Signatur føresett: \_\_\_\_\_ Signatur avd.leiar: \_\_\_\_\_

Signatur dagleg leder: \_\_\_\_\_

# §41 Trygt og godt barnehagemiljø

## Tilbakemelding og foreldresamtale etter observasjonsperiode

Namn på barnet: \_\_\_\_\_

Dato for samtale: \_\_\_\_\_

Deltok i dialog: \_\_\_\_\_

Gjennomgang av observasjonar gjort i barnehagen	
Kva føresette ser og tenkjer	
Konklusjon:	
Konklusjon:	Sett kryss:
Barnet har eit tilfredsstillande barnehagemiljø	<input type="checkbox"/>
Barnet har ikkje eit tilfredsstillande barnehagemiljø	<input type="checkbox"/>
Barnehagen set i gang med vidare arbeid gjennom tiltaksplan (sjå vedlegg)	<input type="checkbox"/>

Ved tiltaksplan set vi avtale om ny samtale med forsette: / - 20  
(seinast 1- 4 veke etter iverksett tiltaksplan)

Føresette har lest igjennom og er einige med konklusjonen og plan vidare:

Dato: \_\_\_\_\_

Signatur Føresette: \_\_\_\_\_

Signatur Avd.leiar: \_\_\_\_\_

Signatur dagleg leiar: \_\_\_\_\_

# Tiltaksplan

§41. Ved manglende tilfredsstillande psykososialt barnehagemiljø.

Namn	
Født	
Føresette	
Avdeling	
Ansvarleg for utarbeiding av tiltaksplan	
Tiltaksplanen gjeld frå dato	
Observasjon (kort samanfatning av funn)	

Tiltak		
Tiltak	Kvifor (fagleg grunngjeving)	Ansvarleg for oppfølging

Evaluering av tiltak pr 14 dagar		
Dato	Tiltak	Evaluering

Gjennomgang av tiltak gjort i barnehagen/heimen	
Kva føresette ser og tenker	
Konklusjon:	Sett kryss:
Barnet har eit tilfredsstillande barnehagemiljø, vi avsluttar arbeid med tiltaksplan.	<input type="checkbox"/>
Barnet har ikkje eit tilfredsstillande barnehagemiljø	<input type="checkbox"/>
Barnehagen tilpassar tiltak og arbeidar vidare med internt tiltaksplan (sjå vedlegg)	<input type="checkbox"/>

Føresette har sett, lest og godkjent tiltaksplan.

Dato: \_\_\_\_\_

Signatur Føresette: \_\_\_\_\_

Signatur Avd.leiar: \_\_\_\_\_

Signatur dagleg leiar: \_\_\_\_\_